



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Høyanger Kyrkjelege fellesråd**

Marcus Thranes gate 3  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100

Høyanger 27.03.2026

## **Protokoll møte 2 - 26 i Høyanger kyrkjelege fellesråd**

**Torsdag 26.03.2026. kl. 10.00 – 12.00 på Høyanger kyrkjekontor.**

**Innkalla:**

*Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Elisabeth Johansen, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Terje Søreide og Kjersti J. Søreide, Frode Merkesvik og Andreas Ester*

**Kopi av innkallinga går til:**

*Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Aud Saxrud, Eldrun Nordahl, Torunn Styve, Sissel Sørebbø, Camilla M. Ådland, Leif Arne Fureli. Knut Magne Nesse. Inger Cesilie Fitje, postmottak Høyanger kommune.*

**Frammøte:**

*Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Elisabeth Johansen- kom til vedtakssakene , Andreas Ester, Frode Merkesvik – kom til sak 006/26, Toril Lange og digitalt møtte: Sissel Sørebbø og Terje Søreide.*

**Meldt forfall:** *Kjersti Søreide – vara møtte, Bjørn Harald Nybø*

## **Sakliste:**

### **Opning av møtet:**

- **innkalling, sakliste og møteprotokollen frå 12.02.2026 vart godkjent.**
- **Soknepresten har ordet:**  
Til helga startar påskeveka, med palmesøndag. I år er preiketeksta på palmesøndag frå Johannesevangeliet. Dette evangeliet skil seg ofte frå dei andre, men for påskefortellinga så er det meir likt. Likevel er likninga om at kveitekorntet som fell i jorda for å døy, og soleis gir stor grøde. Dette er eit frampeik på kva som skulle skje med Jesus i påska, men og om kva som blir oppgåva til kyrkja.

## Meldingssaker:

- 7 Arbeidet med å få på plass ansvarleg for kyrkjeleg undervisning, kyrkjelydspedagog.**  
Etter to rundar med utlysing av (minst) 100% felles stilling med kyrkjeleg undervisning i kommunane Askvoll, Fjaler Hyllestad og Høyanger – der det før dette var utlyst ei likande samarbeidsstilling på 80% utan Høyanger før dette, sit ein att med erfaringa at det er vanskeleg å rekruttere til ei slik samarbeidsstilling. Ein har ikkje lukkast!  
Konklusjonen er at ein må søke å få realisert kyrkjeleg undervisning til barn, unge og konfirmantar på andre måtar. Til dømes må ein vurdere om ein kan kome inn i eit samarbeid der ein kan kjøpe tenester innafor kyrkjeleg undervisning / konfirmantførebuing. Det kan vere frå Sunnfjord kyrkjelege fellesråd, bispedømmet, frå KFUK-KFUM eller det kan og vere mot NMS-u og eventuelt arbeid i tilknytning til Alværa kyrkje- og misjonscenter.
- 8 Svar på søknad til Kirkebevaringsfondet om forprosjekt til Ortnevik kyrkje**  
HKF har fått tilsegn om tildeling av midlar for 2027. Detaljane om korleis ein skal løyse desse oppgåvene, fristar for rapportering og utbetaling kjem seinare.
- 9 Kyrkjeverja har ordet.**  
Personalsituasjonen er no meir stabil. Den situasjonen ein hadde i haust med tett mellom dødsfall i kommunen, har normalisert seg til ein heller roleg vår. Det gir tid til anna arbeid.

## Vedtaksaker:

### 004/26: Godkjenning av årsmelding for 2025

**Vedtak:**

Årsmeldinga for 2025 er godkjent.

### 005/26: Godkjenning av rekneskap for 2025

**Vedtak:**

Rekneskapa for 2025 vert godkjent slik den føreligg med atterhald om revisor si godkjenning.

Vedtak om disponering av midlar til avsetnad vert gjort i samband med revidert budsjett i juni – 26.

### 006/26: Kyrkjegardar og kyrkjer – vedlikehaldsplan og framdrift.

**Vedtak:**

Høyanger kyrkjelege fellesråd fastheld framlagde plan for vedlikehald og investering. Fram til budsjettrevisjonen i juni vil kyrkjeverja kvalitetssikre tala i den framlagde planoversikta og føreslå ei prioritering av tiltaka.

### 007/26: Gravplassforskrifter – revidering ?

**Vedtak:**

Framlegget til ny føreskrift vert justert i høve til drøftingane i rådet.

Endeleg framlegg vert lagt fram av arbeidsgruppa for nytt regelverk og vedteken på Høyanger kyrkjeleg fellesråd sitt møte i juni-26.

**008/26: Minnelund – går me for realisering av det?**

**Vedtak:**

Høyanger kyrkjelege fellesråd vil arbeide for etablering av namna minnelund.

For vidare planlegging av tiltaket vert arbeidsgruppa for nytt regelverk oppnemnt som arbeidsgruppe. Mandatet vil vere å innhente meir grunnlagsmateriale før rådet kan vedta vidare plan og framdrift.

**009/26: Val av kyrkjevjerjer til digitaliseringsutvalet for Den Norske Kyrkja**

**Vedtak:**

HKF støttar nominasjonskomiteen si innstilling og røyster i tråd med denne.

Protokoll ført av:

*Stig Jonny Fitje*

Kyrkjevjerje for Høyanger kyrkjelege fellesråd